

## **BUNADOPPLÆRINGA**

# ***Modul 1 Introduksjon til bunadtilverkarfaget***

## ***Fagtema: Snorer og band***

- Innhald:**
- eit utval småteknikkar og tilbehør
  - dokumentasjon og presentasjon
  - vegen til svennebrev
  - bransjeinformasjon
  - bedriftsetablering

**Omfang:** Deltakarane får innføring i eit utval småteknikkar og tilbehør til bunad og folkedrakt. Presentasjon av bunadtilverkarfaget relatert til svennebrevet og dokumentasjon av eige arbeid, samt bransjeinformasjon og ei innføring i det å vera produsent.

- Læringsmål:** I løpet av denne modulen får deltakarane innføring i:
- ulike teknikkar for framstilling av band og snorer, og bruken av desse sett i eit historisk perspektiv
  - historisk riktige sting- og monterings-teknikkar tilpassa den aktuelle bunadstypen
  - bruk av fagleg nettverk lokalt og nasjonalt
  - dokumentere, presentere og vurdere eiga arbeid

**Materiell:** Kurslærer har med seg det som trengs av materiell som garn, stoffer og sytråd. Har de noko liggande som de ynskjer å ta med, så gjer gjerne det. Til grindvev brukar ein garnet perle 70 som er ull brodergarn frå Sandnes, og DMC bomull perle nr.8 og 12. Når det gjeld anna materiell som grindvev, så kan det lånast om de ikkje har sjølve.

Ein må rekne med noko utgifter til materialkostnader. Det kan bli veldig individuelt, men ca. kr. 400,-

### **Deltakarane sitt utstyr:**

- Ringperm
- Plastlomme
- Limstift
- Penn/ blyant
- Fargeblyanter/tusj
- Linjal
- Papir/ notatblokk
- Knappenåler
- Synåler
- Tråkletråd
- Stoffsaks
- Målband

Anbefalt litteratur til denne modulen:

- Norges Husflidslag. Idéhefte for snorer og bånd. 1998. ISBN 82-91195-14-5

- Norges Husflidslag. Idéhefte for grindvev. 1997. ISBN 82-91195-12-9

*Vi tek atterhald om mindre endringar i kursplanen*

Totalt: 40 timar